



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

SPRÅKRÅDET		
Saksnr. 200700253	Dok.nr. 20	U.off.
Journaldato 22.02.2008	Arkivkode 310	Saksbeh. MH
Avskr.kode	Dato	Signatur

Styret i Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

2007/004634 KU/KU3 IE:mmt 22.02.2008

Ansvarstilhøvet mellom Språkrådet og departementet i saka om nynorskrettskrivinga

Vi viser til brevet vårt av 13. november 2007 og svarbrev frå styret datert 19. desember 2007.

Svarbrevet krev nokre utfyllande merknader om korleis departementet har vurdert denne saka:

Vi vil streka under at departementet ikkje har noko å merka til at styret har teke spørsmålet om revisjon av nynorskrettskrivinga opp til behandling og gjort vedtak i saka på sjølvstendig grunnlag. Det er heilt ut i samsvar med det som står i dei nye vedtektene departementet fastsette 25. april 2006, at Språkrådet på denne måten kan ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter. Det står til og med at Språkrådet "har ansvar for" å opptre initierande. Vedtektene slår også uttrykkeleg fast at Språkrådet i enkeltspørsmål kan uttala seg og gje råd etter eige skjøen om kva tiltak som best tener språkpolitiske mål.

Spørsmålet om revisjon av nynorskrettskrivinga er eit vanskeleg og sterkt omstridd språkpolitisk spørsmål, som det etter departementet si vurdering er heilt naturleg å behandla i den komande stortingsmeldinga om ein samla språkpolitikk. Det er ikkje mange år sidan det vart gjennomført eit omfattande utgreiings- og vurderingsarbeid med sikte på forenkling og innstramming av det gjeldande normsystemet.

Nynorskseksjonen i det gamle Språkrådet trekte til slutt den konklusjonen at det ikkje var sterk nok tilslutning til eit systemskifte og vedtok i staden eit mindre omfattande endringsframlegg innanfor ramma av gjeldande system. Dette vart i februar 2005 avvist

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersg. 59

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org. nr.
972 417 866

Kulturavdelinga
Telefaks
22 24 80 38

Saksbehandlar
Ingvar Engen
22 24 80 31


av departementet, den gongen styrt av ei anna politisk leiing enn den som no har ansvaret.

Det går elles fram av det vedtaket styret gjorde 13. september i fjor, om å ta opp att arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer, at det er gjort "under føresetnad av godkjenning frå Kultur- og kyrkjedepartementet". Departementet fekk oversendt vedtaket i brev av 16. oktober 2007 og tok da naturleg nok spørsmålet om godkjenning opp til behandling.


Det gjekk fram av vårt brev av 13. november 2007 at vi ikkje hadde teke endeleg standpunkt til godkjenningsspørsmålet. Vi gav derimot beskjed om at Språkrådet skulle venta med vidare arbeid i saka til etter at språkmeldinga var behandla i Stortinget. Det betyr at det er språkmeldinga som vil danna grunnlaget for ei endeleg avgjerd om ein no skal ta opp att arbeidet med nynorskrettskrivinga. Det er difor ikkje formålstenleg at styret alt før meldinga er lagd fram og behandla, nemner opp ei arbeidsgruppe som skal ta fatt på å førebu eit arbeid som det eventuelt ikkje blir aktuelt å gjennomføra etter dei retningslinjer styret har vedteke.

Dersom styret ser behov for nærmare informasjon og klargjering i saka, vil departementet etter beste evne bidra til dette i den forma og på den måten styret måtte ønskja.

Med helsing



Kjell Myhren e.f.
ekspedisjonssjef



for Ingvar Engen
seniorrådgjevar